

Uskedelingar i russerevy

16.11.2013

Russen inviterar til RUSSEREVY

Kvinnene kjem

PREMIERE
28. NOVEMBER



Husnes kinosal

Premiere torsdag 28. november kl. 19:30 (PRIS kr 250,-)

Andre førestilling laurdag 30. november kl. 18:00 (PRIS kr 200,-)

Bilettar kan kjøpast hos Eurospar Rosendal, Sport 1 Husnes,
Statoil Husnes og av russen sjølv.



Kvinnheradrussen 2014

28.og 30, november slår russen ved Kvinnherad videregående skule til med revyen Kvinnene kjem som sjølvstekt i stor grad handlar om den kvinnelege røysteretten som kom for 100 år sidan.

2 uskedelingar, Sindre Aksnes og Andrea Lunde, er med og det er også ein mellombels uskedeling - Louise Årthun Bergane. Ho er frå Åkra men bur på hybel i Uskedalen.



Danseoppvisning med stor presisjon på Husnes i føremiddag!

Sindre og Andrea har sentrale rollar og både Sindre og Louise spelar i tillegg i revybandet.

Det er ein allsidig revy som byr på både musikk, song og dans. Åshild Røsslund og Marianne Prestnes Erslund er revysjefar. Den siste har ein spesiell bakgrunn for jobben ettersom ho det førre skuleåret gjekk på ein høgskule i Texas og song solo på avslutningsfesten!

Men den andre revysjefen har også noko å skilte med - ho var sist å sjå under Pippifestivalen i Skånevik i sommar.

Men begge har den lokale oppsetjinga av Oliver Twist som sitt beste teaterminne, opplysar dei til Grenda.

I føremiddag har revygjengen presentert seg med fynd og klem for dei som var på handletur i Senteret på Husnes, Der var også Sindre og Andrea frå Uskedalen med og dansa som dei andre med stor presisjon sjølv om det ikkje hadde hatt nokon spesiell koreografisk rettleiing. Dansenummeret var eit effektivt PR-stunt for revyen, men det kunne med fordel ha vore lenge...

Som tittelen annonserar er jentene i klårt fleirtal i revygjengen. Sjefsduoen hevdar at det er naturleg ettersom jentene i stadig større grad 'styrar showet'. Det er nok rett.

Så då er det vel berre å underkasta seg....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Dette er faktisk Andrea og Sindre frå Uskedalen